

## Gudsteneste i Årdalen

Regnbogen bar bod om at sola ikkje var langt unna då det leid mot høgmessetid med husmøte i Årdalen den 26.august 2012.



For underteikna meldar var det første gongen innafor dørene, sjølv med medlemskap som ven av Årdalen i lomma. Ein kan ikkje nett seie at det var sprengfullt hus i den gamle stova med dei tradisjonsrike tømmerveggene, men vi seks frammøtte pluss Kari prest og organist Jon Inge (denne gongen på blokkfløyte) - utgjorde ein auke på *ein* - 1 - i høve til frammøte-statistikken for 2011.

Gudstenesta hadde alle ingrediensane med både musikk, bøn og salmesong. Preiketeksten frå

Lukas 12, 41 - 48 minte den enkelte på kor viktig det er med truskap i liv og teneste. Organisten spelte irsk-inspirerte melodiar på blokkfløyta både til pre- og postludium.



Alt i alt: Vel blåst, både til fløytespelar, prest og frammøtte elles. Alle la dessutan for dagen ein stor og «prix»-verdig innsats under kyrkjekaffien med tilhøyrande «Prix»-kringle. Sanneleg ei tilskipping som fleire bør ta del i når invitasjonen kjem på nytt neste år!

Olav Pileberg